

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2020

Framlegg til det digitale årsmøtet med svarfrist 26.03.2021

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kontor si stilling. Sidan hausten 2019 vert sjølve undervisingsdelen til barnekoret kjøpt gjennom Ullensvang kulturskule, sidan kantorstillinga vart redusert i koråret 2019/2020.

*Korforbund

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på ca 330 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornya.

2020

Korarbeidet Solstråla er fleksibelt og vert til ei kvar tid lagt opp etter kva arbeidsressurs ein har tilgjengeleg i kombinasjon med kva barnekull ein har i målgruppa.

Solstråla hadde dette året øving kvar tysdag for aldersgruppa 6-10år.

13 songarar var aktive i vårsemesteret, aldersgruppa var 1-4.kl.

Haustsemesteret hadde Solstråla 12 songarar i alderen 1-4.kl. To songarar var nye på hausten. Dei er flinke å synge. Om det stundom er mogeleg å vere ein ekstra vaksen på øvingane, for å halde fokus på ein god måte, ville det berre vere eit pluss.

15 born betalte kontingent til Solstråla for 2020.

Solstråla hadde i bank pr.31.12, kr. 37487,94.

Solstråla vart stifta i 1979 og kunne feire 40års jubileum foråret 2019/2020. Jubileet vart markert med jubileumskonsert i Jondal kyrkje laurdag 25.januar. Gjester var tidlegare dirigent Unn Elisabeth Nielsen, tidlegare songarar og musikarane Gro Belsnes Eide-piano (som akkompagnerte Solstråla i vel 20 år), Lars Håvard Birkenes-perkusjon, Arild B.Nielsen- lyd og trompet, Torbjørn Hillersøy-bass. Utne barnekor var gjestkor. Bjarte Leithaug skulle vere gjestartist, men han måtte melde sjukdomsforfall på kort varsel. Hovuddelen av programmet var Leithaugsongar. Soloane til Leithaug vart fordelte mellom dirigent Anne Karin og fleire unge sporty songarar. 2.februar deltok Solstråla på Tårnagentgudsteneste. Frå 12.mars og til over påskeferien vart korøvingane avlyste på grunn av Covid-19 pandemien. Og gudstenesta Maria Bodskapsdag der koret skulle synge, vart avlyst. Øvingane etter påske og fram til mai vart digitale. Og i tillegg laga dirigenten eit par øvingsvideoar som borna kunne nytte via nettsida www.jondalkyrkje.no Solstråla vart med på videogudstenesta for 17.mai, der opptaket vart gjort i kyrkja tysdag 5.mai. Den store felleskonserten som Solstråla skulle vere med på på Hardanger Musikkfest saman med Ullensvang kulturskule var flytta til 2021, så frå 19.mai hadde vi berre vanlege øvingar igjen, vi song på trappa til barnehagen og «gjennom vindauga» på Vikevollen som sommaravslutning 9.juni.

Hausten starta med Kyrkjespelet Deg å få skode, koret song på Hausttakkefest 18.oktober, barnehagekonsert på kulturskuletrappa, fleire minikonsertar på Vikevollen «gjennom vindauga», kulturskulen sin julekonsert 26.november, Ljosmesse 1.søndag i advent, Blåtur før jul (Blomakroken- Coop-Julegrana og Matkanten), og på julaftagudstenesta i Jondal kyrkje.

Solstråla hadde 15 øvingsdagar + 3 digitale øvingar på våren og deltok/ var representert ved 4 arrangement, og dei hadde 17 øvingsdagar på hausten og deltok på 6 arrangement. Solstråla

Solstråla 20/3-2021 v/Anne Karin Stormyr, leiar

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2020

Framlegg til det digitale årsmøtet med svarfrist 26.03.2021

var ikkje lokal arrangør av heile konsertar åleine, men dei deltok på heile 10 arrangement og 3 institusjonsbesøk i 2020.

***Styret for år 2020 vart vald på digitalt årsmøtet 22.mars og samansett slik:**

Anne Karin Stormyr (fast styremedlem)	dirigent og leiar
Rannveig Hammer (2019-2020)	styremedlem
Mona Stølheim Aasen (2019-2020)	styremedlem
Åse Marit Jørgensen (2020-2021)	representant frå soknerådet
Hilde Eide (2020-2021)	styremedlem

1.vara: Cecilie Elisabeth Vestbøstad (2020)

2.vara: Hildegunn Samland (2020)

Revisor: Magnar Sollenes (2020)

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2020. Arrangementsliste med repertoaroversikt for Solstråla blir lagt ved i protokollen.